



Ingeniør Taule AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2559 - 14/13566

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

04.06.2014

Innvilga søknad om redusert gebyr på gbnr 196/153 Midtgård

Det vert vist til Dykkar søknad om reduksjon av gebyr motteken 04.04.2014 og 05.05.2014.

Bakgrunn

I vedtak datert 25.03.2014 vart det gjeve løyve til oppføring av garasje og godkjenning av ansvarsretter til tiltaket. Det er frå før gjeve løyve til etablering av einebustad på staden.

I vedtak om garasje vart det gjeve følgjande gebyr:

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Beløp
C.1.1 Bruk av kartbasis	500
C.5.1.a Frittstående garasje med BYA <70 m2	6.500
C.5.32 Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning	5.250
C.5.31 Lokal godkjenning av ansvarsrett	2.500
Totalt gebyr å betala	14.750

Det søkjast om reduksjon av følgjande del av gebyret:

C.5.32. Godkjenning av ansvarsretter der det ligg føre sentral godkjenning, kr. 5.250.

C.5.31 Lokal godkjenning av ansvarsrett, kr. 2.500.

Vurdering

Det står i gebyrregulativet under punkt A.4 at «når særleg grunn ligg føre, kan det søkjast om redusert gebyr. (...) Personlege/sosiale tihøve reknast ikkje som særleg grunn».

Ordlyden tilseier at det er ein høg terskel for å få redusert gebyret.

Det er søkt om reduksjon av det totale gebyret og dette gjeld gebyr for godkjenning av ansvarsretter.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



I innkommen klage er det argumentert med at det vart fremma ynskje om å få handsama både søknad om bustad og søknad om garasje i eit vedtak. Vidare vert det syna til garasjens storleik på under 50 m2, og at dette er å rekna som ei «meldingsak».

Kommunen har foretatt ei heilskapleg vurdering i denne saka. Kommunen si vurdering i denne saka er at ein må sjå på begge søknadane og vedtaka i forhold til gebyret som er gjeve. Administrasjonen vurderer saken slik at det er gjort ei komplett vurdering av ansvarsrettar i søknaden om bustad, og at denne vurdering også gjeld for garasjen. Administrasjonen kan difor ikkje sjå at det i denne saka er rimeleg at det vert gjeve fullt gebyr for ansvarsrettar i vedtak om løyve til garasje.

På grunnlag av dette meiner Lindås Kommune at det er grunnlag for å redusere gebyret i vedtak datert 05.05.2014 med kr. 7750,-.

Vedtak:

Med heimel i gebyrregulativet for 2014 (gjeldande frå 01.01.2014 til 30.03.2014) punkt A.4 vert gebyr på 14.750,- i vedtak datert 05.05.2014 redusert med kr. 7750,-.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak), og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ingeniør Taule AS